



Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
085/04	Plan- og miljøutvalet	02.06.04

**Klage på vedtak i delegert sak 040/04. Søknad om utsløppsløve for avløp frå eksisterande fritidsbustad Geir Eikanger - Gnr.212 Bnr.032, Eikanger øvre**

Saksdokument vedlagt:

Situasjonskart  
 Brev frå Geir Eikanger datert 31.03.2004, mottoke 01.04.04

Saksdokument ikkje vedlagt:

Som i delegert sak 040/02  
 Brev frå Geir Eikanger datert 25.02.2004  
 Brev frå Areal- og miljøavdelinga datert 27.02.2004

**Saksutgreiing:**

Saka går til innstilling i plan og miljøutvalet  
 Saka skal avgjerast endeleg i den kommunale klagenemnda

Avdelingssjefen avslø 09.02.2004 søkjaren sitt alternativ til utsløppstad i delegert sak 040/04:

**“Søknad om utsløppsløve for avløp frå eksisterande fritidsbustad Geir Eikanger - Gnr.212 Bnr.032, Eikanger øvre**

Dokument:

Søknad om utsløppsløve, mottoken 29.09.2003.

- brev frå Geir Eikanger datert 24.09.03, mottoke 29.09.2003 (vedlegg til søknaden)
- situasjonsplan i målestokk 1: 1000
- kvittering for send nabovarsel, mottoke 16.10.2003
- brev frå eigar av gnr.212, bnr.057, Berni Dyngealand, mottoke 24.10.2003

✓  
 ✓  
 ✓  
 ✓

Saksutgreiing :

Søknaden gjeld slammaavskiljar med utsløpp til sjø.

VA-avdelinga har følgjande merknader til søknaden om utsløppsløve:

“Viser til synfaring 09.09.03 og søknad av 24.09.03 vedk utsløpp frå 212/32.

## Planstatus

I kommuneplanen er området definert som byggeområde. I hovedplan avløp er det aktuelle området innanfor ei "blå sone", dvs eit definert rensedisstrikt med krav til utsløpp via (private) fellesanlegg. Årsaka til dette er at området er meir eller mindre tett utbygd og dette saman med verdifulle og mykje brukte sjøresipientar gjer området dårleg eigna til private einstkildsløysingar.

Den aktuelle eigedomen Det vert søkt om utsløpp frå ein hytteiegedom, men der traséen blir etablert slik at den i framtida kan nyttast til avløp frå 4 planlagte bustader. Det ligg pr i dag ikkje føre utskifting av tomtar til desse bustadene.

## Alternative utsløppsanlegg

1. Etablering av nytt fellesutsløpp med basis i 212/32 Eit slikt anlegg vil i første omgang berre vere til nytte for den aktuelle hytta. Tidspunktet for når det aktuelle bustadene eventuelt vert bygd er uklårt og anlegget vil inntil den tid bære preg av eit einstkildutsløpp. På den anna side kan anlegget ha potensiale til å ta hand om sanert avløp via evt framtidig pumpeløysing frå pollen innanfor. Anlegget ville i så fall måtte etablerast med kombinert mottaks- og utsløppskaum. Utsløppsleidning vil på eit langt strekk ligge i eit grunt strauområde med mykje marint liv og aktivitet. Det ville her vere naturleg med krav om nedgraving/nedspylling så langt leidninga er synleg i klar sjø.

2. Tilkopling til eksisterande felles avløpsanlegg i sør. Om lag 100 meter sør for den aktuelle hytteiegedom vart det i 2003 etablert eit nytt felles avløpsanlegg. Det er fall ned til dette anlegget frå hytta, men ikkje frå dei potensielle tomtane. Leidningstraséen vil i hovudsak gå over 212/57, der eigar stiller seg negativ til dette. Grunngevinga er at leidninga vil øydeleggje/fordyre ei evt. utbygging av denne tomta. Denne grunngevinga er Va-avdelinga ikkje einig i, ettersom vår erfaring er det stikk motsette. Dersom det eksisterande utsløppsanlegget vert nytt, vil dei 4 potensielle bustadene på 212/41 måtte skaffe seg anna løysing, id. felles pumping til det eksisterande fellesanlegget eller til anna fellesanlegg. Uansett må det til desse eigedomane etablerast grøfter for, - etter all sannsynlegheit, offentleg vassforsyning. Denne har tilførsel i sjø i dette området Eventuell sanering av avløp i pollen kan løysast lokalt eller overførast til Vågen.

## Konklusjon

Va-avdelinga legg hovudvekt på føringane i hovedplan avløp. Desse går i dette tilfellet ut på mest mogeleg tilknytning til eit fatal private fellesleidningar, der omsynet til værte strand- og grunne marine områder er tungtvegande. Denne avveginga var også gjeldande ved vurderinga av avløpsleidning under Toftingebraua (Lygra).

At eigar av den aktuelle hytteiegedom vil sanere avløpsanlegget er positivt og teknisk kan dette relativt enkelt løysast via dei nye eksisterande fellesanlegget om lag 100 meter sør for hytta. Dei negativa argumenta frå eigar av naboiegedomer vert registrert, men avgransa vektlagt. Omsynet til dei omtala framtidige tomtane er etter vår oppfatning ikkje nok til i dag å etablere eit nytt, nærast parallelt fellesutsløpp.

Va-avdelinga tilvar difor at 212/32 får krav om tilknytning til eksisterande fellesanlegg i området."

Vedtaket:

1. I medhald av Lokal forskrift for bruk av mindre avløpsanlegg i Lindås kommune vert det gjeve løyve til avløp gjennom ein 2 m<sup>3</sup> 2-kamra slamavskiljar av godkjent type for utsløpp gjennom ein utsløppsledning som skal ha min. 0,4 m overdekning og tilknytast det eksisterande fellesanlegget i området som vart bygt i 2002 innafor dette reinsedisstriktet i hovedplan avløp.
- Slamavskiljaren skal plasserast slik at den kan tømmast av slamsugarbil.
- Eigar av utsløppsøyvet er ansvarleg for evt. forureining, jf. § 7 i forureiningslova.
- 2 Andre eigedomar/tomter i området må få høve til å kopla seg til utsløppsleidingen dersom kommunen gjev løyve til det og tilhøva elles ligg til rette for å aukka kapasiteten på utsløppet. Søknader om nye utsløppsøyve må då sendast kommunen.
3. Det skal sendast inn søknad om ansvarsett og godkjenning av føretak for følgjande fagområde:

➤ Prosjektering, utføring og kontroll av avløpsanlegg

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år. (jf. Pbl. § 96)

I samsvar med Plan- og bygningsslova § 93 jfr. § 95, vert det ikkje tillate å setja i gang arbeid for punkt 3 i vedtaket er stetta.

Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).

Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagt orientering (forvalningslova § 27, tredje ledd)

Geir Eikanger klagar på vedtaket i brev datert 31/03 og viser m.a. til følgjande:

- Mitt forslag til utsløpp har ikkje vorte godkjent. Må kopla meg til fellesutsløpp.
- Får ikkje gå med avløpsledning over naboegedomen 212/57.
- Kapasitet på den felles utsløppsleidingen.
- Komplisert og fordyrande å gå med leidingstrace til eksisterande fellesanlegg.
- Mitt føreslegne anlegg er meir framtidstreia enn kommunen sit. Ved eventuelle hus på 212/41 har vi løyst utsløppsløysinga.
- Septiktank har vore på plass i fleire år. Det samme har avløp. Eg ønskjer å få orden på avløpet slik at det blir i samsvar med dei nye bestemmelsane. Det hadde vore enklare for meg å fortsetja å bruka det noverande avløpet.
- Utsløppsleidingen vil på eit stykke liggja på grunt vatt. Den første delen vil forsvinna i mudder. Akkurat i tidevannstraumen er det grunt, men så er det godt mogeleg å skjula leidingen. Overgang frå land til sjø vil heller ikkje vera noko problem. Leidingen kan her skjulast utan store utgifter. Eg antar at eg kan bruka gamalt avløp, dersom det føreslegne avløpet blir for dyrt.

Vurdering:

VA-avdelinga har i merknader i delegert sak 040/04 rådd til at 212/32 får krav om tilknytning til eksisterande fellesanlegg i området.

Søkjaren har ikkje fått krav frå kommunen om å endra sitt eksisterande avløp frå hytta.

Han ønskjer likevel å utbetra avløpsanlegget.

Kommunen har i delegert sak 04/04 gjeve søkjaren løyve til å knyta seg til den felles private utslppsleidningen som vart etablert i dette reinsedistriktet for eit par år sidan. Søkjaren må gå med leiding over naboegedomen 212/57 for å få knytt seg til den felles utslppsleidningen. Søkjaren viser til at naboen ikkje ønskjer å ha leidningsraccen over sin eigedom på noverande tidspunkt. Etter administrasjonen si vurdering kan ikkje søkjaren få løyve til å leggja ein parallell utslppsleidning. Inntil han får løyve til å kuma leggja leiding fram til eksisterande felles utslppsleidning må han nytta det avlaupt som han har i dag inntil dei privatrettslege tilhøva om å få gå over ein annan eigedom er løyste. Eit unntak frå hovudplan for avløp vil kuma skapa presedens og få store konsekvensar for handheving av kommunen sin *hovudplan for avløp og lokal forskrift for mindre avløpsanlegg*. Det har ikkje kome fram nye moment i klagen som skulle tilseia ei endring av tidlegare vedtak. Rådmannen finn ikkje heimel i regelverket for å ta klagen til følge.

#### **Vurdering av miljøkonsekvensar:**

Viser til VA-avdelinga sine merknader i sak 04/04.

#### **Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:**

Plan- og miljøutvalet syner til rådmannen si vurdering og kan ikkje ut frå klagen datert 31.03.2004, finna nye moment som skulle tilseia ei endring av tidlegare avgjerd. Plan- og miljøutvalet vil difor halda fast på vedtaket i delegert 04/04 handsama av avdelingssjef areal- og miljøavdelinga. I samsvar med Forskrift om utslipp frå mindre avløpsanlegg § 8 vert saka send til den kommunale klagenemnda til avgjerd.

#### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet - 02.06.2004:**

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **Instilling i Plan- og miljøutvalet - 02.06.2004:**

Plan- og miljøutvalet syner til rådmannen si vurdering og kan ikkje ut frå klagen datert 31.03.2004, finna nye moment som skulle tilseia ei endring av tidlegare avgjerd. Plan- og miljøutvalet vil difor halda fast på vedtaket i delegert 04/04 handsama av avdelingssjef areal- og miljøavdelinga.

I samsvar med Forskrift om utslipp frå mindre avløpsanlegg § 8 vert saka send til den kommunale klagenemnda til avgjerd.